

# Årsmelding Vangsnes Sokneråd



2021

## **Medlemar:**

Erlend Hanekam (leiar)

Laila Sunde (medlem i fellesrådet)

Laila Kristin Sætre (Nestleiar, sekretær og varamedlem i fellesrådet)

Arnhild Skjerven Holen (medlem trusopplæringslæringsutvalet)

Asbjørn Lidal (1.varamedlem og kasserar)

Marianne Lunde Tveit (2.varamedlem og medlem Diakoniutvalet)

Vangsnes sokneråd har hatt 4 soknerådsmøte i 2021.

Pga coronapandemien vart det ikkje gjennomført soknemøte.

Soknerådet har handsama 19 saker.

Det har vore 8 gudstenester på søndagar , av dei 1 nattverdsgudsteneste med 12 deltakarar.

Frammøte på alle gudstenestene var på 268 personar. I tillegg var det 1 barnehagegudsteneste med 15 deltakarar.

Det var ikkje dåp i 2021, me hadde 6 konfirmantar, og her har vore 4 gravferder.

Offergåver var på kr 6.368,- mot 6.670,- i 2020. Av dette var kr. 3450,- kr til eige arbeid i soknet.

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gav kr. 1700.- Det kom inn kr. 8585.- i minnegåver til kyrkja.

2021 har vore nok eit spesielt og krevande år for dei fleste av oss.

Coronapandemien påverka framleis alle i større eller mindre grad.

Med bakgrunn i strenge smittevernrestriksjonar og derav svært begrensa deltakartal vart dei første gudstenestene på vårparten avlyste.

Restriksjonane og stadig usikkerheit rundt utviklinga i pandemien har gjort det vanskeleg å gjennomføra aktivitetar utover vanlege gudstenester.

Sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus gjekk ut i fødselspermisjon i midten av april. Me vart då utan fast vikar til dess Geir Sørøbert overtok frå august til desember.

Etter ein lengre periode med lettelsar i coronarestriksjonane vart det på ny innført antalsbegrensing og krav til føring av deltakarlistar før julegudstenestene. I skrivande stund er antalsbegrensinga for vår del oppheva (maks 200stk), men det er krav til 1m avstand og registrering av kor i kyrkja deltakarar sit.

## **Saker som Vangsnes sokneråd har jobba med i 2021.**

### **\*Tilsetjing av ny kyrkjeverje**

Ingvar Vangsnes sa opp stillinga si som kyrkjeverje med sluttdato 1.mai 2021. Fellesrådet vedtok å lysa ut ny stilling med 50%.

Det var 4 søkjarar til den utlyste stillinga.

Marit Johanne Andersen vart tilsett som ny kyrkjeverje. Ho tok til i stillinga 1.oktober.

### **\*Høyringsuttale ny kyrkjeleg organisering**

Kyrkerådet sende i 2021 forslag til ny kyrkjeleg organisering ut på høyring. Vangsnes sokneråd sende inn høyringssvar der me påpeika dei tinga me meiner er vesentleg for oss i småsokna. Resultatet av alle høyringssvara er enno ikkje publisert, men det er venta at kyrkerådet skal gjera eit prinsippvedtak for framtidig organisering i løp av 2022.

### **\*Vedlikehald**

På seinsommar / hausten 2021 vart det utskifta ein del rotne kledningsbord på kyrkja, og tårnet vart måla. Det er venta at nødvendig vedlikehald vil halda fram i 2022, men fellesrådet skal først laga ei prioriteringsliste for vedlikehald på alle kyrkjene.

## **Arrangement i Vangsnes Sokneråd**

### **\*Fasteaksjon.**

Fasteaksjonen i 2021 vart gjennomført digitalt via facebook og vipps. Innkomme kr 1700,- + evt Vipps. Bidrag gitt via vipps vert registrert på Vik, så summen her stemmer ikkje for soknet vårt.

### **\*Vårdugnad**

Godt oppmøte. Fekk vaska kyrkja innvendig og klypt og rydda mykje på gravplassen ute. Inngangsdøra vart også retta oppatt noko.

### **\*Samtalegudsteneste for konfirmantane**

Denne vart gjennomført i Vik, men utan den tradisjonelle festen etterpå.

### **\*Konfirmasjon i Vangsnes kyrkje 4.september**

På grunn av coronapandemien måtte konfirmasjonane utsettast til hausten. Dei vart delte i to grupper for at alle skal få god plass i kyrkja.

For Vangsnes sokneråd

Erlend Hanekam (Leiar)